



Julemenyen på SPAR omfattar førebels av sylteflesk og brus! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vi er såvidt inne i november, men ved eit besøk på SPAR får ein allereie sanne at det ikkje er så altfor lenge til jul.

Julebruskassane har allereie i fleire veker stått oppstapla i butikken og måndag føremiddag var ein annen julegjengangar på plass: Sylteflesket til Gunn Mari Moberg! Dei første 12 kiloane var klare .

Ho overtok oppskrifta etter faren og har laga flesket i mange år. Populariteten har auka og i fjor vart det sett produksjonsrekord med 280 kilo. Då var etterspurnaden så stor at Gunn Mari faktisk hadde produksjonsproblem i starten.

Folk kommer frå heile Kvinnherad for å kjøpa sylteflesk i Uskedalen. SPAR har ingen konkurranse frå andre butikkar på dette området!

- Men sjølv om eg har laga sylteflesk i ei årrekkje, er eg like spent kvart år. Spenninga knyter seg til om eg har nytta nok krydder, seier produsenten og byr på smaksprøver til kritisk vurdering. Konklusjonen er samrøystes: Litt meir krydder, men ellers ein fulltreffar også i år!

Av Ola Matti Mathisen